

Stort fram møte på interessant årsmøte.

24.04.2016



Folk frå absolutt heile kommunen møtte til årsmøtet.

Ikkje ei stol var ledig då Kvinnherad sogelag baud inn til årsmøte i Holmedal bedehus på Utåker laurdag. Godt over 50 av dei 233 medlemmene i laget var til stades, og det er imponerande. Sogelagsårsmøta går rundgang mellom bygdene. Siste åra har dei vore på Varaldsøy og i Matre, og i år var altså turen komen til Utåker.



Tor Bringedal heldt eit interessant føredrag medan Einar Gjertsen etterspurde bilete av gamle bilar.

Dei vanlege årsmøtesakene som stod først på programmet, gjekk svært raskt og glatt unna. Både årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknader, og då ein kom til valet, vart det attval over heile linja. Audun Eik er med i styret, og det er elles samansett av Anny Nygaard Mehl(leiar), Cort Holtermann og Kari Fedt Haugsbakk med Lars Børge Sæberg, Kristen Tore Kristensen og Trond Ramsøy som varafolk.

Utgjevinga av Kvinnhersminne 17, 'Førstereis' hadde vore ein hovudaktivitet i styret. Denne vart svært godt motteken, og etter at den først hadde blitt trykt i eit opplag på 500, måtte det trykkjast opp eit tilleggsopplag på 100. Lars Jostein Røyrvik var skriftstyrar.

Lokalhistorikar Tor Bringedal var invitert til årsmøtet for å halda føredrag om kjeldebruk i lokalhistorisk arbeid. Som alltid, var det svært interessant å vera tilhøyrar til Bringedal.

Etter velsmakande smørbrød, kaker og kaffi, hadde uskedelingen Einar Gjertsen ordet. Han etterlyste bilete av gamle bilar i Kvinnerad, og særleg var han interessert i bilete av lastebilar med påmontert krigsutstyr som vart brukt i kampene her lokalt. Han sa elles at biletsamlinga hans hadde vorte meir enn dobla siste året; - frå 230-40 til i overkant av 500.

Gjertsen er også på jakt etter ein artikkel som stod om Arne Myklebust(Arne på Sanden) i ei avis. Han håpar einkvan veit kva avis det var, slik at han kan finna fram til den.

Avslutningsvis i bedehuset fortalde Sverre Vevelstad om skulemuseumssalinga på Utåker. Dei hadde ei imponerende utstyrsamling, og særleg verdfulle er nok kasettopptaka som er gjort i samband med lokalhistoriske undervisningsopplegg der gjennomførte, og der dei bruka kunnskapen til eldre i bygda som no er borte.

Frå bedehuset gjekk turen innom skulemuseumssamlinga i skulehuset før det var omvisning i kyrkja. Her fekk vi ein svært interessant gjennomgang av Oddvin Heimvik. Han la særleg vekt på 4 verkelege kulturskattar: klokken, døypefonten, alterskapet og ein svært gammal verdfull Bibel som dei berre viste fram i heilt spesielle høve. Denne hadde kyrkjelyden fått restaurert for 40.000 kr. Eit absolutt høgdepunkt denne dagen fekk vi då Leif Inge Heimvik song for oss. Både Stein Ove Berg sin 'Kommer nå våren' og 'Ein fin liten blome' av Bjørn Eidsvåg var usedvanleg vakre. Så vakkert at det måtte ekstranummer til, og Leif Inge kvitterte med 'Hvilken venn jeg har i Jesus'. For ei stemme den guten har!! Ei perfekt avslutning på ein flott dag.



Guten med gullstemma, Leif Inge Heimvik

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Einar Gjertsen og Thor Inge Døsland